

Idrettsleiar ønskjer fleire inn i korps.

21.06.2015



Korps er eit godt supplement til andre aktivitetar, seier Austvik.

**Mange hugsar sikkert Geir Austvik som ein ung, god ving på Brann først på 80-talet. Før helga vart han intervjuet av bladet Tysnes og då var han tydeleg på at han som idrettsleiar ønskte fleire også skulle spela i korps. Det ville vera eit stort pluss for idrettsaktiviteten. Eg tenkte då på alle dei flotte talenta her i bygda som kombinerer idrett og korps!**

Geir Austvik var som nemnt storspelar på Brann først på 80-talet, kjend som ein hurtig og driblesterk ving. Han scora mellom anna første målet då Brann vart cupmeister i 1982. Dei slo Molde 3 - 2 i den cupfinalen.

Etter det har Austvik utdanna seg til fysioterapeut og driv praksis på Tysnes. Han er også aktiv i fotballen som trenar for yngre lag.

Det var før helga han kom med uttalen om at dei som var aktive i korps hadde god nytte av det dei lærde der både i idrettssamanheng, skule og andre samanhengar. Han hadde også god grunngjeving for dette.

De kan lesa heile intervjuet med Austvik med å klikka på [Tysnesbladet](#).

I Uskedalen har vi mange som er aktive i eit vidt spekter av aktivitetar. Dei som spelar i korpsset, gjer seg gjeldande positivt i svært mange samanhengar. Dermed passar dei særdeles godt inn i det biletet den tidlegare Brann-spelaren beskriv.

Etter eit langt liv i skuleverket har underteikna erfart at dei som er aktive på fritida, også er dei som får best tid til skulearbeidet. Dei lærer seg å organisera tida!

Avslutningsvis gratulerer vi Tysnes skulekorps og dirigent Yngve Nikolaisen med siger i 3.divisjon under NM for skulekorps i Stavanger i helga.



Det er flott å kombinera fotball og annan aktivitet med korps, meiner den tidlegare Brann-spelaren.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Hege Lekva og Thor Inge Døssland